Revisjonen i Selbusjøen og Dragstsjøen vedtatt ved kgl. res. 7. mars 2014 skiller seg fra de øvrige sakene. I denne saken innstilte NVE i utgangspunktet på at konsesjonskraftvilkåret ikke skulle endres, fordi «den inneholder en del bestemmelser som ikke dekkes av dagens vilkår bl.a. kommunenes rett til konsesjonskraftmengde». I den opprinnelige konsesjonen var det satt som vilkår at kommunene og fylkeskommunene kunne kreve avgitt inntil 45 % av den innvunne kraftøkning (i motsetning til 10 % som er lovens maksimum). Olje- og energidepartementet fulgte ikke opp NVEs innstilling, men framla forslag om vilkår som samsvarer med gjeldende lovbestemmelse. Endringen er ikke kommentert av departementet.

Som det fremgår av overnevnte gjennomgang, foreligger en forholdsvis omfattende og i hovedsak entydig forvaltningspraksis som er i tråd med de nye konsesjonsvilkårene i Skjerkavassdraget. Denne praksis er i seg selv et tungtveiende rettskildemessig grunnlag. Rettslig sett er det irrelevant om praksis knytter seg til «kombinerte konsesjoner», hvor det både er tale om fornyelse av en konsesjon og revisjon av eldre konsesjonsvilkår i tidsubegrensede konsesjoner eller om praksis gjelde «rene» vilkårsrevisjoner.

Avsluttende merknader:

Som nevnt innledningsvis ber vi Olje- og energidepartementet bekrefte at vår forståelse av kgl. res. 6. desember 2013 post 19 er riktig. Av hensyn til at uttak av den aktuelle konsesjonskraftmengde allerede finner sted, vi vil anmode om en snarlig tilbakemelding.

Med vennlig hilsen

Advokatfirmaet Lund & Co DA

Mari Kjellevold Brygfeldt

Advokat

mkb@lundogco.no

Stein Erik Stinessen

Advokat (H)

Partner

ses@lundogco.no

Kopi: Agder Energi Vannkraft AS

PS 42/14 Drøftingssaker

PS 43/14 Orienteringar

PS 44/14 Risikostrategi

PS 45/14 Status strategiplan

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
46/14	KIKS - Styret	10.10.2014

Fordeling av kostnader etter rettssak om konsesjonskraftuttak - prinsipiell avgjerd

Dagleg leiar tilrår:

Når KIKS på vegne av ein eller fleire deltakarar er i rettssak skal selskapet dekke alle kostnadane med saka fram til dom. Dersom domsslutninga fører til ein økonomisk gevinst, skal gevinsten først dekke selskapet sine kostnader før restbeløp blir fordelt på dei deltakarane saka gjeld etter storleik

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

I februar 2014 fall dommen i rettssaka mellom Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS m.fl. og Statkraft. Saka gjaldt tvist om økonomisk etteroppgjer mellom konsesjonæren for utbygging av Ulla-Førre (Statkraft) og kommunane i saka, mellom dei KAA IKS.

Twisten bygger på kravet frå Statkraft om tilbakebetaling av for mykje utbetalt konsesjonsavgift og etterbetaling av for mykje levert konsesjonskraft etter at OED i vedtak av 8. januar 2010 fastsette nytt kraftgrunnlag for Saurdal kraftverk.

Saka var todelt; det var for det fyrste tvist om departementet har heimel etter vassdragsreguleringslova til å fastlegge verknadstidspunktet tilbake i tid. Kraftgrunnlaget skulle vore fastsett i 1996, men blei ikkje fastsett før i vedtak i 2004 og 2005. Vedtaka blei deretter påklaga, og nemnde vedtak i 2010 var endeleg vedtak i klagesaka. Spørsmålet var altså om departementet kunne gi kraftgrunnlaget verknad frå 1.1.1996, slik som vedtaket i 2010 hevda.

I tillegg var det spørsmål om det på avtalefesta grunnlag mellom Statkraft og kommunane ikkje var plikt til etterbetaling av for mykje mottatt konsesjonskraft. Med andre ord om det fanst avtalar mellom partane som viste at det ikkje skulle vere tilbakeverkande kraft av kraftgrunnlaget når endeleg vedtak frå departementet låg føre.

Vidare var det tvist om omfanget av ei eventuell etterbetaling skulle avgrensast til berikelsen den enkelte har hatt, og kva rente som gjeld for eit etteroppgjer.

KAA betalte Statkraft i 2010 den berikelsen som var oppnådd ved sal av det omtvista konsesjonskraftvolumet, med renter etter annan sats enn Statkraft berekna. Beløpet som blei innbetalt var derfor lågare enn kravet frå Statkraft. Innbetalinga blei gjort med atterhald om tilbakebetaling.

Resultatet blei for det fyrste at. KAA fekk medhald i at verknadstidspunktet var eitt år seinare enn Statkraft hevda, altså at kraftgrunlaget gjaldt frå 1.januar 1997. Men verknadstidspunktet kunne altså settast bakover i tid, jf. vassdragsreguleringslova § 11 nr 1 tredje ledd. Avtalane mellom Statkraft og KAA gav heller ikkje grunnlag for noko anna.

Konsesjonskraftfondet fekk derimot medhald i at det var berikelsen som skal betalast tilbake. Rentene er 3 mnd NIBOR utan påslag, og utan rentes rente.

2. Saksopplysningar

For Konsesjonskraftfondet sin del har denne saka eksistert frå 2011-2014. Dei juridiske kostnadene i perioden har vore på kr. 1 351 267,-, sjå vedlegg 1. Både desse juridiske utgiftene og alle administrative kostnader er utgiftsført på dei enkelte rekneskapsåra, og er gjennom det fordelt på alle deltakarane etter evne (som andre utgifter).

Det opphavlege kravet frå Statkraft var på kr 22 552 397,-, men beløpet blei redusert til kr 14 672 781,- i dommen. Dette beløpet er «delt» mellom KAA og Agder Energi, grunna gamal forvaltningsavtale. Fordelinga av beløpet mellom partane kjem fram av vedlegg 2.

I 2010 betalte KAA kr. 15 437 341 tilbake til Statkraft. I og med at dommen var på kr 14 672 781,- resulterte dette i ei tilbakebetaling frå Statkraft på kr 1 235 097,-. Med bakgrunn i nemnde forvaltningsavtale med Agder Energi, er AEP AS refundert kr 339 899,- av dette beløpet. Ein sit derfor att med ein netto gevinst i KAA på kr 895 198,-, som altså er ei rekneskapsmessig ekstraintekt i 2014.

Dersom ein ser utgiftene rettssaka har medført opp mot denne ekstraintekta, blir resultatet frå rettssaka ein totalkostnad på kr 456 069,-, sjå vedlegg 3.

Betalinga til Statkraft i 2010 blei belasta den enkelte kommune sin reservekapitalkonto. Dette gjeld Bykle, Evje og Hornnes og Aust-Agder fylkeskommune, mens Valle, Bygland og Iveland den gongen blei kreditert eit mindre beløp. Spørsmålet nå er korleis vi skal fordele den nemnde totalkostnaden på kr 456 069,-.

3. Vurdering

Bakgrunnen for rettssaka var at Konsesjonskraftfondet meinte det verken var offentlegrettsleg eller privatrettslag heimel for å krevje etteroppgjer tilbake i tid. Eit viktig prinsipp som vi også kan møte på seinare, og som derfor trong avklaring. Det var her i tillegg tale om store beløp. Det prinsipielle er viktig, og var avgjerande for at vi valde å gå til sak mot Statkraft.

Kostnadane til ei rettssak som denne blir tatt av fellesskapet. Grunnen til dette er nettopp det prinsipielle; det skal ikkje vere avgjerande om vi går til sak at kommunen saka gjeld har god nok konsesjonskraftøkonomi til å ta sakskostnadane sjølv. Tilbakebetalinga til Statkraft blei tatt frå respektive reservekapitalkonti. Grunnen er at det er den enkelte deltakar som har hatt gevinsten av dette ekstra beløpet. Mens saka held på, tek altså fellesskapet seg av kostnadane til advokatar, andre fagfolk og administrasjon, medan dei konkrete beløpa opp mot motparten tek den enkelte deltakar seg av.

Spørsmålet er dermed korleis ein fordelar resultatet når endeleg dom i saka ligg føre.

Ein kan her tenke seg to scenario; etteroppgjer større enn sakskostnader – og etteroppgjer mindre enn sakskostnader.

Ved etteroppgjer større enn sakskostnader:

Dette er tilfella der ein totalt sett kjem ut i pluss. Ein har til dømes 2 000 000,- i gevinst av rettssaka, og 1 000 000,- i sakskostnader. Det er fellesskapet som har gått til sak og hatt kostnadane med det, derfor meiner dagleg leiar det også er naturleg at fellesskapet skal få dekt sine utgifter fyrst. Sakskostnadene på kr 1 000 000,- blir i dette tilfellet dekt av alle deltakarane gjennom utgiftsføring det/dei enkelte år. Gevinsten på kr 1 000 000,- tilrår dagleg leiar at tilfelle dei aktuelle deltakarane, anten gjennom utbetaling eller avsetning på reservekapitalkonto.

Ved etteroppgjer mindre enn sakskostnader:

Dette er tilfella der ein totalt sett kjem ut i minus. Ein har til dømes 1 000 000,- i gevinst av rettssaka, men 2 000 000,- i sakskostnader. Også her er det fellesskapet som har gått til sak, og hatt både kostnadane og risikoen, og dagleg leiar meiner det er naturleg at fellesskapet får dekt sine utgifter så langt det er muleg. Den millionen i gevinst går derfor i det tilfellet til å betale sakskostnader. Dei resterande kr 1 000 000,- må fellesskapet ta seg av gjennom utgiftsføring.

Konklusjonen av dette er altså at i og med at det er fellesskapet som går til sak, og tek utgiftene med det, er det også naturleg at fellesskapet får dekt sine utgifter uansett domsresultat. Når utgiftene er dekt, fordelar ein eit eventuelt restbeløp på dei deltakarane det gjeld etter storleik.

Valle, den 02.10.2014

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Sakskostnader
- 2 KAA vs AEP
- 3 Resultat av rettssaka

Sakskostnader

Sakskostnader Oslo Tingrett og Borgarting lagmannsrett	
År	Beløp
2011	415 318
2012	501 159
2013	225 897
2014	208 893
Totalt	1 351 267

Kommentar:

Sakskostnadene påløpt i 2011,2012 og 2013 er avrekna som ein ordinær administrasjonskostnad og altså fordelt på deltakarane høvesvis etter inntektene.

Sakskostnaden påløpt i 2014 er førebels handsama på tilsvarende måte

Valle 3/9 2014

Arne Tronsen

"Vinst"	Totalt	KAA	AE
Opphøveleg krav	22 552 397	15 437 341	7 115 056
Domsslutning	14 672 781	10 069 947	4 602 834
"Vinst"	7 879 616	5 367 394	2 512 222

AE=Agder Energi

Agder Energi tilbakebetaler sin andel av vinsten som KAA har oppnådd på den kraftmengda som har vorte levert for mykje.

Gjennom rettssaken vart opphøveleg krav frå Statkraft redusert med kr 7 879 616 totalt; av dette vedkjem kr 5 367 394 KAA.

Dersom ein tek omsyn til sakskostnadene på kr 1 351 267 er "vinsten" på kr 4 016 097

Valle 8/9 2014

Arne Tronsen

Domsslutning med renter								CAA	AEP CAA	AEP
År	Bygland	Bykle	Evje og h	Iveland	Valle	Sum				
1 996										
1 997	-1 160	533 226	1 232	-2 106	-6 081	525 110	65,0 %	35,0 %	341 321	183 788
1 998	-1 602	736 402	1 702	-2 908	-8 399	725 194	65,0 %	35,0 %	471 376	253 818
1 999	-1 132	520 085	1 202	-2 054	-5 932	512 170	65,0 %	35,0 %	332 910	179 259
2 000	-1 065	489 581	1 131	-1 934	-5 584	482 130	65,0 %	35,0 %	313 384	168 745
2 001	-461	211 643	489	-836	-2 414	208 421	65,0 %	35,0 %	135 474	72 947
2 002	-970	445 729	1 030	-1 760	-5 084	438 945	65,0 %	35,0 %	285 314	153 631
2 003	-1 824	838 282	1 937	-3 311	-9 561	825 523	65,0 %	35,0 %	536 590	288 933
2 004	-2 967	1 363 502	3 151	-5 385	-15 551	1 342 749	66,8 %	33,2 %	896 887	445 862
2 005	-3 218	1 478 889	3 417	-5 841	-16 867	1 456 381	69,5 %	30,5 %	1 012 185	444 196
2 006	-4 145	1 904 739	4 401	-7 523	-21 724	1 875 749	69,5 %	30,5 %	1 303 646	572 103
2 007	-8 008	3 679 885	8 503	-14 534	-41 969	3 623 878	69,5 %	30,5 %	2 518 595	1 105 283
2 008	-5 870	2 697 588	6 234	-10 654	-30 766	2 656 531	69,5 %	30,5 %	1 846 289	810 242
Sum	-32 423	14 899 550	34 429	-58 847	-169 929	14 672 781			9 993 972	4 678 809
Prosentvis fordeling tilbakebetalt									68,11	31,89

Fakturagrunnlag AEP	
Renter	628 905
Hovudstol	3 973 929
Sum	4 602 834

Totalt betalt frå CAA	15907876		
Statkraft skuldig	1235097		
AEP har betalt i 2011	5018708		
AEP skal betale	4678809		
Refunderast AEP eks morarente	339899		
AEP andel morarente	267 530	31,89	85309
Total tilbakebetaling			425208

	Fra	Til	Dager	Rente sats	pr dag	perioden
Renter	41718	41824		106	0,014	1,48 %

Renter fra oppgjør 20.mars til 04.juli	6309,40
Total tilbakebetaling til AEP	kr 431 517,41

Kontonr Agder energi vannkraft: 1503.22.86469

Utbetales AEP 04.07.2014

SUM kr 431 517,41

Intern avrekning tufta på dom i Borgarting lagmannsrett	
Avrekninga er eks renter	
Tilbakebetalt frå Statkraft	1 235 097,00
Refundert AEP AS	339 899,00
Netto "vinst"	895 198,00
Samla kostnader	1 351 267,00
Netto kostnad	-456 069,00

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
47/14	KIKS - Styret	10.10.2014

Tertialrapport pr 1/9 2014 og budsjettrevisjon 2014

Dagleg leiar tilrår:

Tertialrekneskapen vert lagt fram for handsaming.

Budsjett 2014 vert endra slik:

Samla utgiftsauke på 1.550.000 vert dekt slik:

Ekstrainntekter 850.000

Fordring deltakarane frå Vest-Agder kr 700.000 mot avrekning i rekneskapen 2015.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det vert utarbeidd tertialrekneskap som ein lekk i informasjonsutvekslinga mot styret og som ein lekk i den løpande kontrollen av verksemda.

2. Saksopplysningar

Tertialrapporten er under revisjon og vert ettersendt.

Dagleg leiar har gått gjennom rekneskapen legger fram revidert budsjett tufta på tertialrapporten.

Arbeidet med utvidinga av selskapet har ført til meirarbeid og kostnadsbiletet ligg no føre i vedlagte reviderte detaljbudsjett.

Dei betalbare kostnadene på kr 700000 skal ifølgje tilbodet frå KAA IKS til deltakarane frå Vest-Agder periodiserast i rekneskapen for inneverande år og fråreknast dei inntektene konsesjonskrafta frå Vest-Agder deltakarane genererer i 2015.

I samband med tilsetjing av vikar for rådgjevar krafthandel vart det signalisert behov for ei fast stilling på permanent basis dersom utvidinga av selskapet vart røyndom. Difor har no dagleg leiar tilsett vikar rådgjevar krafthandel fast ifrå årsskiftet.

3. Vurdering

Inntektene har vorte noko redusert grunna meirkostnader med områdepris og eit negativt tradingresultat. Eit aukande prisnivå gjennom året har gjort at verdien av det usikra volumet har auka noko, samstundes har kjøpskostnadene vorte redusera. Denne reduksjonen vart teke med i budsjettrevisjonen pr halvårsskiftet.

I høve opphavelig budsjett er dette kompensert med reduserte kjøpskostnader.

Meirkostnadene grunna selskapsutvidinga vert dekt gjennom meirinntekter knytt til rettssak Saurdal pumpekraftverk i Ulla-Førre.

Valle, den 02.10.2014

Arne Tronsen
dagleg leiar

- 1 Tertianrapport pr 1/9 2014
- 2 Budsjettrevisjon 2014

- 1 Tertianrapport pr 1/9 2014

Konsesjonskraftfondet For Aust-Agder IKS

Resultatregnskap for perioden 01.01.2014 - 31.8.2014

	Note	Regnskap 2014	Budsjett 2014	Regnskap 2013
Driftsinntekter og driftskostnader				
Konsesjonskraftinntekter		121 822 634	192 969 000	206 126 812
Annen driftsrelatert inntekt		-	-	-
Sum driftsinntekter		121 822 634	192 969 000	206 126 812
Driftskostnader				
Kjøp av konsesjonskraft		41 068 673	66 136 000	62 516 650
Lønn inkl. sosiale utgifter		1 609 115	2 510 000	1 957 543
Avskrivninger		26 196	-	32 407
Eksterne honorarer		1 354 112	2 295 000	2 528 521
Skyss og kostgodtgjørelse		180 964	240 000	228 211
Brukt av styret		144 258	365 000	219 134
Div. merkantile og administrative kostnader		442 645	740 000	751 861
Sum driftskostnader		44 825 963	72 286 000	68 234 328
Driftsresultat		76 996 671	120 683 000	137 892 484
Finansinntekter og -kostnader				
Finansinntekter		2 953 674	3 100 000	5 414 782
Finanskostnader		378 991	1 250 000	237 901
Resultat av finansposter		2 574 683	1 850 000	5 176 881
Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter		79 571 354	122 533 000	143 069 365
Overførte konsesjonskraftinntekter		56 265 000	-	132 944 395
Resultat		23 306 354	122 533 000	10 124 970
Overføringer				
Overføringer til driftsfond og reservekapital		-	112 524 000	10 124 971
Sum overføringer		-	112 524 000	10 124 971

Konsesjonskraftfondet For Aust-Agder IKS

Balanse pr. 31.8.2014

EIENDELER	Note	2014	2013
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre og inventar		98 963	118 959
Sum varige driftsmidler		98 963	118 959
Sum anleggsmidler		98 963	118 959
 OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		818 465	1 122 238
Finansplassering		60 802 112	53 693 341
Bankinnskudd og kontanter		39 968 884	31 291 256
SUM OMLØPSMIDLER		101 589 462	86 106 835
SUM EIENDELER		101 688 425	86 225 794
 RESERVEKAPITAL OG GJELD			
RESERVEKAPITAL			
Driftsfond og reservekapital		70 346 797	70 346 797
Udisponert resultat		23 306 354	-1
SUM RESERVEKAPITAL		93 653 152	70 346 797
 GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		5 461 755	7 419 019
Skyldige offentlige avgifter		1 762 093	5 198 214
Annen kortsiktig gjeld		811 426	3 261 765
SUM KORTSIKTIG GJELD		8 035 274	15 878 998
SUM GJELD		8 035 274	15 878 998
SUM RESERVEKAPITAL OG GJELD		101 688 426	86 225 794
		-0,76	0,00

Konsesjonskraft IKS

Økonomiplan 2014-2017 Budsjett 2014		Revisjon juni 2014		Revisjon august 2014	Implementering Vest-Agder
Driftsinntekter	Sal av kraft	196 980	Anslaget byggjer på vedlagte rekneark-sikring på sikt	197 712	
	Meirverdi brukstid	3 300	Anslaget byggjer på tidlegare røynsler	2 000	
	Områdepris	-8 000	Anslaget byggjer på snitt negativ områdepris à 1,7€ pr MWH	(8 000)	
	Trading	750	Vurderinga byggjer på 7,5% avkastning av 10 mill kr	(1 000)	
	Sum driftsinntekter	193 030		190 712	
Driftsutgifter	Lønskostnader inkl arbgav og pensjon(100)	2 260		2 450	
	Styret/representantskapet-godtgjering	250	Driftsutgiftene vert prisjustert i samband med det årlege budsjettet	300	100
	Styret/representantskapet-godtgjering Vest-Agder				
	Rekneskap og revisjon	330	Beløpet er tufta på røynsler	480	
	Juridisk bistand	500	Særskilte utfordringar vil kreve bruk av driftsfond	500	
	Hydrologisk bistand	300	Særskilte utfordringar vil kreve bruk av driftsfond	300	
	Forvaltarhonorar	750	I samsvar med noverande forvaltningsavtale	750	
	Forvaltarhonorar Vest-Agder				50
	Gebyr spot	240	Basert på noverande gebyrsatsar og eksisterande volum	240	
	Gebyr ordinær sikring	290	Basert på noverande gebyrsatsar og eksisterande volum	290	
	Gebyr xtra ordinær sikring	145	Ramme for avvikshandel tilsvarande 400 GWh	100	300
	Gebyr Vest-Agder				
	Strategiplan	250	I samsvar med strategiplan	250	
	Husleige/tenestekjøp	270	Anslag avdi det ikkje er inngått endeleg avtale	230	
	Leige maskiner			50	
	Reiseutgifter	240	Gjeld ,reise,dielt leigebil og overnattingsutgifter	400	
	Reiseutgifter Vest-Agder				150
	Andre kontorutgifter	250	Gjeld materiell, telefon, og tilskippingar	300	
	Controller	240	I samsvar med avtale Aust-Agder fylkeskommune	240	
	Møte	250		250	
	Møte Vest-Agder				100
	Gebyrer/kontingenter	190		190	
Forsikringar	30		40		
Til rådvelde for styret	115		115		
Kjøp av kraft	64 800	Anslaget byggjer på førestnadene i sikring på sikt	64 800		
Utbetalast deltakarane	112 524	Sjå vedlagte prognose-NB 2017 er utan utjamning	112 524		
Sum driftsutgifter og utbetaling deltakere	184 224		184 799	700	
Netto driftsinntekt	8 806		5 913		
Finansinntekter	Renteinntekter likviditet	1 300	Avkastning på 3,% av gjennomsnittleg 43 mill kr	1 300	
	Inntekter plassering av reservekapital	1 800	Inntektene vert avsett til reservekapital og påverkar difor ikkje resultatet	2 000	
	Sum finansinntekter	3 100		3 300	
Finansutgifter	Garantikostnader	500	Behovet er avhengig av prisutviklinga og kan difor måtte justerast	100	
	Disagio	750	Det er behov for å selje euro tilsvarande 50 mill kr og det er ein liten differanse mellom kjøpskurs og salskurs	500	
	Sum finansutgifter	1 250		600	
	Netto finansutgift	-1 850		(2 700)	
	Inntektsføring driftsfond			850	
Overskott før avsetning til reservekapital	10 656		9 463		
Avsett reservekapital	7 000	Avsetning reservekapital Aust-Agder fylkeskommune	7 000		
Avsett finansinntekt	1 850		2 450		
Overskott	1 806	Overskott vert avsett til reservekapital så langt det er behov, jfr vedtak i representantskapet, overskytande vert utbetalt. Sum utgifter Vest-Agder (periodiseres og belastes 2015)	13	700	

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
48/14	KIKS - Styret	10.10.2014

Økonomiplan 2015-2018-prinsipp avsetning reservekapital for deltakarane frå Vest-Agder

Dagleg leiar tilrår:

Styret går inn for å bygge opp ein reservekapital på 50 % av gjennomsnittleg netto inntekt over ein løpande 3-års periode.

Den årlege avsettinga bør liggje på om lag 5% av budsjettert nettoinntekt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Arbeidet med økonomiplan vil frå administrasjonen vere avslutta i løpet av veke 41 og styret/porteføljeutvalet vil få ein gjennomgang av denne på møtet 10/10 2014 og ei ordinær handsaming på møtet 21/11 2014.

2. Saksopplysningar

Dagleg leiar har behov for å få ei administrativ og politisk drøfting av dette prinsippet før inntektsprognosa til deltakarane vert sendt ut 13/10 2014.

3. Vurdering

Saka har allereie vore diskutert i porteføljeutvalet.

Det er dagleg leiars vurdering at den målsettinga som KAA IKS har hatt for sine deltakarar no bør gjerast gjeldande for alle deltakarane.

Målsettinga med reservekapitalen er som følger:

- 1) Syte for økonomisk styrke til å møte ikkje pårekelege hendingar - til dømes inntektssvikt grunna områdeprisifferanse.
- 2) Syte for økonomisk styrke til dekke opp for risikoen med høgare sjølvkostprisar enn pårekna.
- 3) Utjamne utbetalingane til deltakarane over tid gjennom bruk av reservekapitalen i dårlege år.

Dagleg leiar vil på bakgrunn av vedtaket i denne saka sende ut inntektsprognose til deltakarane og då med atterhald om godkjenning i representantskapsmøtet 12/12 2014.

Valle, den 03.10.2014

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg
1 Førebels økonomiplan 2015-2018

Konsesjonskift IKS

FØREBELS

Økonomiplan 2014-2017		2015	2016	2017	2018	
Budsjett 2014						
Driftsinntekter	Sal av kraft Aust-Agder	189 000	177 000	159 000	151 000	Anslaget byggjer på vedlagte rekneark-sikring på sikt
	Sal av kraft Vest-Agder	79 000	76 000	74 000	75 000	
	Meirverdi brukstid	2 700	2 700	2 700	2 700	Anslaget byggjer på tidlegare røynsler
	Områdepris	-10 000	-10 000	-10 000	-5 000	Anslaget byggjer på snitt negativ områdepris à 1,7€ pr MWH
	Trading	750	750	750	750	Vurderinga byggjer på 7,5% avkastning av 10 mill kr
	Sum driftsinntekter	261 450	246 450	226 450	224 450	
Driftsutgifter	Lønskostnader inkl arbgav og pensjon(10	3 345	3 345	3 345	3 345	
	Styret/representantskapet-godtgjering	350	350	350	350	
	Rekneskap og revisjon	400	400	400	400	Beløpet er tufta på røynsler
	Juridisk bistand	200	200	200	200	
	Hydrologisk bistand	200	200	100	100	
	Forvaltarhonorar	850	850	750	750	I samsvar med noverande forvaltningsavtale
	Gebyr spot	360	360	360	360	Basert på noverande gebyrsatsar og eksisterande volum
	Gebyr ordinær sikring	440	440	440	440	Basert på noverande gebyrsatsar og eksisterande volum
	Gebyr xtra ordinær sikring	300	300	300	300	Ramme for avvikshandel tilsvarande 600 GWh
	Strategiplan	250	250	250	250	I samsvar med strategiplan
	Kompetanseheving	100	100	100	100	
	Husleige/tenestekjøp	270	270	270	270	Anslag avdi det ikkje er inngått endeleg avtale
	Leige maskiner	50	50	50	50	
	Reiseutgifter	350	350	350	350	Gjeld ,reise,dielt leigebil og overnattingsutgifter
	Andre kontorutgifter	200	200	200	200	Gjeld materiell, telefon, og tilskippingar
	Controller	240	0	0	0	I samsvar med avtale Aust-Agder fylkeskommune
	Møte	500	500	400	400	
	Gebyrer/kontingenter	200	200	200	200	
	Forsikringar	50	50	50	50	
	8 770	Til rådvelde for styret	115	115	115	115
	Sum driftsutgifter	8 770	8 530	8 230	8 230	
	Kjøp av kraft Aust-Agder	73 351	76 118	78 884	81 651	2015 +0,4 oed + 0,7 skk 2016 +0,4 OED + 0,7 skk
	Kjøp av kraft Vest-Agder	36 341	37 708	39 074	40 440	
	Sum varekostnad	109 692	113 826	117 958	122 091	
	Til utbetaling Aust-Agder 3årig snitt	88 917	83 000	83 000	83 000	
	Utbetalast deltakarane Vest-Agder	37 002	32 545	30 315	29 304	
	Sum driftsutgifter og utbetaling deltakere	244 381	237 901	239 503	242 625	
	Netto driftsinntekt	17 069	8 549	-13 053	-18 175	
Finansinntekter	Renteinntekter likviditet	1 300	1 300	1 300	1 300	
	Inntekter plassering av reservekapital	1 800	1 800	1 800	1 800	
	Sum finansinntekter	3 100	3 100	3 100	3 100	
Finansutgifter	Garantikostnader	500	500	500	500	Behovet er avhengig av prisutviklinga og kan difor måtte justerast
	Disagio	750	750	750	750	Det er behov for å selje euro tilsvarande 50 mill kr og det er ein
	Sum finansutgifter	1 250	1 250	1 250	1 250	liten differanse mellom kjøpskurs og salskurs
	Netto finansutgift	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850	
	Inntektsføring driftsfond	18 919	10 399	-11 203	-16 325	
Overskott før avsetning til reservekapital	-3 466	-3 466	-3 466	-3 466	5% + 3% uvisse knytt til sjølvkost Mandalsvassdraget	
Avsett reservekapital Vest-Agder	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850		
Overskott	13 603	5 082	-16 519	-21 641		

Utbetaling tre- 0 0
 Utbetalingen blir noe lavere for 2015 og 2016 grunnet lave kraftprisar i 2017. Beløp til utbetaling er over det som er sat som minimum på 83 mill. Alternativt kan det budsjeteres opp på utbetalingen i 2017 til 83mill da vil utbetalingene i 2015 bli 91,889 mill

Nto inntekt krz VA AA
 24,8 75,2